



Tid for påmelding til Haustleirar med tema:

JESU VENNER

EN SALIG BLANDING

***Sjå baksida for meir informasjon om leirane!**



Helsing frå Lyngmo

Gode Lyngmo-vener!

Eg håpar at alle som les Lyngmo-Glytten har hatt ein god sommar, med ferie og tid til familie! Her på Lyngmo har det vore stor aktivitet gjennom heile sommaren. Det har vore barne- og ungdomsleirar, familieleirar, fjellvandringsleir, selskap, slektstreff og turistar. Maaange turistar..! Og dei kjem frå heile verda: Kina, Sør-Korea, Canada, Brasil, USA, Israel og Russland for å nemne nokre land. Me merkar, saman med resten av Sogneregionen, at området her er populært å feriere i! Rom, hytter og campingplass har ved fleire høve vore fullbooka! Dei nye fasilitetane på Lyngmo får mykje skryt på dei ulike arrangementa, og me er ikkje i tvil om at gjestene våre merkar standardhevinga som kom med nybygget! Dette har også gjort det mogleg for oss å ta i mot enkelte busslaster denne sommaren!

Stor aktivitet gjer også at me har hatt mange tilsette, og sjølvsagt frivillige, i sving. Desse sommarmånadane er det ei tredobling av bemanninga for å halde leirplassen vår klar til ei kvar tid. Sommarvikarane våre er ein flott gjeng med ungdommar og unge vaksne. Dei har stått på og møtt turistar og gjester på ein flott måte. Tusen takk for innsatsen til dykk! Lenger bak kan de lese litt om Kattrin Weum, som var ein av

sommarvikarane våre denne sommaren!

I denne utgåva av Lyngmo Glytten har eg også lyst til gje honnør til dei fast tilsette, som har mange arbeidstimar gjennom ein travel sommar. Dei er trufaste og stiller ekstra opp når det er travelt. Dette gjer dei sjølv om det ikkje alltid er like kjekt å gå ekstravakter når andre er i feriemodus! Gje gjerne staben på Lyngmo eit vennskapleg klapp på skuldra neste gang du møter dei!

Framover er det tradisjonelt haustprogram her på Lyngmo med haustleirar, internatmøte for kvinner, loppemarknad, basar og om ikkje så lenge så kjem dei første annonsane for julearrangementa. Håpar me ser deg på eitt eller fleire av arrangementa våre!

-Kjetil Stautland-



Sommaridyll på Lyngmo og Hafslø!!

Bibelsommar i Vest 2017

I starten av juli vart det arrangert bibelcamping på Lyngmo. Dette er eit stort arrangement, der alle aldersgrupper er representert. Totalt var det over 200 påmeldte! Her kjem einslege, familiar og pensjonistar. Dei tek turen frå heile landet og dei fleste er på Lyngmo nesten heile veka arrangementet varer. På bibelcampingen får deltakarane med seg bibelundervisning, barnesamlingar, leik og moro, samt god tid til å gjere ting saman med familien! Her kan du sjå nokre gode minner og opplevingar frå denne sommaren. Kanskje det er din tur til å reise på bibelcamping eller familieleir ein stad neste sommar?

Foto: Endre Hilleren



Sommarvikaren



Namn: Katrin Furehaug Weum
Oppvaksen: Indre Hafslo i Luster
Bustad no: Søm i Kristiansand

Kan du hugse ditt første møte med Lyngmo?
Ja! Det var ein gong farmor tok med meg og den yngste bror min på leir på Lyngmo. Eg trur det var familieleir - me budde i alle fall saman oss tre, og me hadde det kjempekjekt.

Har du vore mykje på leir og andre arrangement på Lyngmo?

Det har eg. Etter den første leiren, så var eg på så mange leirar eg kunne i fleire år, og syns at det var veldig stas!

Du reiste heimafrå til Sygna for å gå på vgs. Kva var det beste med å gå på Sygna?

Det er vanskeleg å velje, for på Sygna hadde eg det veldig bra. Det var kjekke skuletimar med gode lærarar, og alltid noko å gjere på fritida! Dersom eg kan velje ut to ting som dei "beste",

så trur eg det må vere alle dei gode vennskapa og relasjonane, og at eg fekk bli betre kjent med Jesus.

Du har også gått på Bildøy. Kva linje?

På Bildøy gjekk eg på KRIK-linja (KRIK står for "Kristen Idrettskontakt"), som er ei idrettslinje, der me var innom mange kjekke aktivitetar og samstundes brukte tid med Jesus.

Kvifor vart du igjen eit ekstra år for å vera stipendiat/miljøarbeidar på Bildøy?

Eg blei igjen endå eit år for å vere stipendiat på Bildøy fordi eg syns det var så utruleg kjekt å vere der det første året, fordi eg kunne bli endå betre kjent med Jesus og utvikle mitt trusliv. Og ikkje minst fordi eg då fekk sjansen til å sjå mange andre unge utvikle seg i sine liv og trusliv.

Denne sommaren var me på Lyngmo heldige og fekk bruke erfaringa di frå tidlegare sommarjobb på Tørvis Hotel! Kva er arbeidsoppgåvene dine som sommarvikar på Lyngmo?

I sommar var mine oppgåver hovudsakleg knytt til resepsjonen, og då å ta i mot gjester og å sjå til at dei hadde eit godt opphald hjå oss. I tillegg var eg med å vaske rom og fellesareal, og eg hjalp til på frukosten dersom det var behov for det.

Du er ikkje heime så mange vekene om gangen. No er du reist vidare til Kristiansand for å studere og jobbe. Kva skal du til med no?

I Kristiansand skal eg studere sosialt arbeid (sosionom) ved Universitetet i Agder. I tillegg skal eg arbeide som ungdomsarbeidar i ei forsamling på Flekkerøya. Eg trur både utdanninga og arbeidet blir spanande, utfordrande og lærerikt.

Har du eit favorittbibelvers eller ei kort helsing du vil dele?

Eg har i grunn ikkje eitt favorittbibelvers, rett og slett fordi det står så utruleg mykje i bra, og ikkje minst utfordrande, i Bibelen! Mykje bra i form av at eg aldri har funne ei anna bok som snakkar så sant om livet som det Bibelen gjer, den tek fram både det gode og det vonde, og det står mange ting som byggjer opp menneske. På same tid er det mange ting som er utfordrande, noko som er utfordrande å lese, men aller mest som utfordrar meg på å leve eit betre liv, ikkje berre for meg sjølv og Gud, men eit liv som òg er betre for menneska rundt

meg. Bibelen er rett og slett full av skattar, og ein av desse står i Ordspråka 4,23: "Ta vare på hjarta framfor alt de tek vare på, for livet går ut frå det". Så gå i fred, og gløym ikkje å ta Gud med på ferda, for som han seier i Jeremia 29,11: "For eg veit kva tankar eg har med dykk, seier Herren, fredstankar og ikkje ulukkestankar. Eg vil gje dykk framtid og von". Gud har ikkje lova at det å følgje han er ein dans på roser, men han vil vere med oss både gjennom det gode og det vonde. Guds nåde!

Tusen takk til Katrin og dei andre sommarvikarane for jobben de har gjort i sommar!

Oppstart Torsdagsklubb og Knøttekor

Torsdagsklubben er ein klubb for born mellom 1. og 4. klasse. Her blir det andakt og song, samt forskjellige aktivitetar som gym-sal, buldrevegg, hobby, wii, leik, konkurranser og loddtrekning.

Knøttekor er eit barnekor for dei minste borna (0 - 6 år).

Dei to klubbane er samstundes annakvar torsdag frå kl 17:30 - kl 19:00. Det er fellesavslutning med kveldsmat for begge klubbane.

Datoar hausten 2017

14. september	28. september
26. oktober	9. november
23. november	7. desember

Internatmøte for kvinner



På Lyngmo har me også leir for vaksne damer. Helga 29. september - 1. oktober er det på nytt damene sin tur til å samlast.

Påmelding er så snart som mogleg!

Velkomne!

(Arkivfoto frå 2015)

Loppemarknad 22. - 23. september



Årets loppemarknad går av stabelen

*Fredag 22. september kl 17:30 - 21.00

*Laurdag 23. september heldt me det i gang
frå kl 10:30 til 13:30

Her er det gode moglegheiter for å gjere ein god handel blant alt det spennande me har fått innlevert! Og når loppe-handlinga er unnagjort kan du kjøpe ein tallerken med rømmegraut i kafeen!

Har du ting du ynskjer å gi til loppemarknaden, ta kontakt med oss på telefon 57 68 43 66.

Loppemarknaden krev mange dugnadspersonar. Dersom du har lyst til å hjelpe til må du gjerne melde frå om det også.

Hjarteleg velkomne til loppemarknad!

Dugnadspersonen - Govert Grindhaug



Govert Grindhaug har vore student i Sogndal i fleire år. Dei åra han har studert her har han vore med i loppemarknad-komiteen på Lyngmo. Govert sit på mykje kunnskap når det kjem til gamle ting og har vore ein stor ressurs for oss når me skal arrangere loppemarknad!

I vår var han ferdig med studiet sitt i Sogndal og flytta difor til Bergen. Då rekna me med at han også var tapt for loppekomiteen. Men, Govert er glad i lopper og glad i Lyngmo. Det at han er flytta til Bergen er ingen hindring. Han kjem tilbake for å hjelpe til med forberedelsane og gjennomføringa av loppemarknaden. Det tykkjer me er utruleg kjekt!

Govert i kjent stil etter å ha gjort eit loppefunn!

Dette skjer på Lyngmo:

SEPTEMBER 2017

- 7. Småbarnstreff
- 8. - 10. Konfirmantleir
- 14. Knøttekor og Torsdagsklubb
- 15. - 17. Leir for 2 - 4 klasse
- 22. - 23. Loppemarknad
- 28. Knøttekor og Torsdagsklubb
- 29. - 1. okt. Internatmøte for kvinner

OKTOBER 2017

- 5. Småbarnstreff
 - 6. - 9. Leir for 4 - 7 klasse
 - 19. Småbarnstreff
 - 20. - 22. Leir for 7 - 10 klasse
 - 26. Knøttekor og Torsdagsklubb
 - 27. Haustbasar
- ## NOVEMBER 2017
- 2. Småbarnstreff
 - 3. - 5. Leir for 16 - 30
 - 9. Knøttekor og Torsdagsklubb
 - 10. - 12. Bornas songleir (2 - 7

klasse)

- 16. Småbarnstreff
- 23. Knøttekor og Torsdagsklubb
- 30. Småbarnstreff

DESEMBER 2017

- 2. Juleverkstad (4 - 12 år)
- 7. Knøttekor og Torsdagsklubb
- 8. Julemiddag for alle
- 14. Småbarnstreff
- 16. Julemiddag for Ungdom
- 31. - 1. Nyttårsfest

Haustbasar 27. oktober

Som vanleg er dette eit arrangement for heile familien! Det vert andakt, eiga barne-samling, åresal med fine gevinstar, trekking av hovudlotteri, leik i gym salen og eige lotteri for borna.

Velkommen til haustbasar på Lyngmo!

Selskap og catering

Lyngmo har gode selskapslokaler til bursdagar, konfirmasjonar, bryllaup, dåp og minnestunder med meir. Her er god plass og fint for borna å leike.

Me leverer også mat til catering.

Ta kontakt for tilbod!

O, jul med din glede!

I advents- og juletida er mange kjekke aktivitetar på Lyngmo. Set av datoane i kalenderen allereie no!

*Juleverkstad: 2. desember

*Julemiddag for alle: 8. desember

*Julemiddag for ungdom: 16. desember

*Nyttårsfest for familiar og unge vaksne

TABU på Lyngmo...

Det vert ikkje tradisjonell vinterleir for ungdomsskulen neste vinter. I staden vert det ei større satsing/festival for heile Sogn og Fjordane! Følg med alle som går i 8. - 10. klasse: TABU kjem til Lyngmo 9. - 11. februar 2018!

Minnegåve

Tusen takk for gåva som vart gitt i samband med gravferda til Kjellfred Weum!

"NORGE P.P."

B ØKONOMI
ÉCONOMIQUE

Returadresse:
Lyngmo Ungdomssenter
Lyngmo 21
6869 Hafslø
Telefon: 57684366

E-post:
lyngmo@lyngmoinfo.com
Heimeside:
www.lyngmoinfo.com
Gåvekonto: 3000.32.79177

HAUSTLEIRAR 2017

2. - 4. klasse	15. - 17. september	pris 540,-
4. - 7. klasse	6. - 9. oktober	pris 780,-
7. - 10. klasse	20. - 22. oktober	pris 705,-
Bornas songleir	10. - 12. november	pris 660,-

**Songleiren er for 2. - 7. klasse*

For påmelding og informasjon:

- * <https://www.lyngmoinfo.com/leir>
- * E-post: bua@lyngmoinfo.com
- * Tlf: 57 68 43 66



16 - 30

3. - 5. november

Dersom familien din ikkje har råd til å sende Lyngmo. Me hjelper gjerne til med å finne borna på leir kan de ta kontakt med dagleg løysingar for sponing i slike saker! leiar eller barne- og ungdomsarbeidar på